

Til kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid kommune

Svar på høyring: Interkommunal kystzoneplan for Søre Sunnmøre

- Oksavika er det utbredt makrell/sild og krabbefiske. Her er landfeste for landnot og kilenot. (Gadus fikk akkurat avslag på torskeoppdrett her)
- Syvdsfluda, har her i seinere tid fiska endel etter hummar og krabbe, her er godt med Sei i straumen på grynnja.
- Saudeholmen her er det fiska etter sei/krabbe /hummar på grynnja, og brosme/lange utfor kanten. Fiske både på nord og sør sida
- Kalnesholmen, her er alt slags fiskeri og anna aktivitet, mykje brukt av folket som bur rundt
- Kroppen, hit fær heile Larsnes med alt slags fiskeutstyr både djupt og grunt
- Grynnjerevet frå 50 til 100 m på vestsida av kroppen, her er mykje sei og om han ikkje står inni kanten her so finn du han på Djuperevet, på rundt 132 m i hola der.
- Krabbestien og Søre-Brandalsfluda, mykje brukt med alt slags utstyr, teine, garn, pilk og dorg
- Stonga og vestre stong, to grynnjer som mykje brukt av all som ferds i fjorden.
- Halledjupta midt i fjorden mellom, 200-300 meter er flittig brukt av krepsefiskarar som set lenker med teiner, både rett over fjorden og langsmed kantane.
- Stabbane i Åramsundet, sei/hyse/lyr/makrell og argare fisk litt djupare.
- Flata sør for Åramsundet er brukt til all slags vegn, garn/line/teine/ruse og pilk og flyndrestikking inn på grynnja.
- Simahamna/Okseleie, godt med krabbe/hummar rundt stonga på grynnja, bratt utfor kanten der det er fint med line og lett å få med brosme/lange/lysing.
- Elvaosen, får ofte sjø ørret her. Har også fått ørret i kastenot frå land. Her er eldgammalt landfeste for dette.
- Nupen og Nupeholmane, ei stor flate med sand/storsteinbotn, god plass for alt slags fiskeri. landfeste for not/kilenot/garn på Kråberget/ og 2 andre landfeste i Nupen.
- Båtvikja, ein liten elveos som kjem ut. Fått sjøørret her, både med dorg og fast redskap. Her er også landfeste.
- Holmesundsmeeda/dei tre vise, lur plass vest for Nupeholmane. Her står hyse/brosme/lange og av og til akkar opp og ned rundt desse formasjonane.
- Hesthammarvika på nordsida er eit eldgammalt landfeste brukt til sildegarn/makrell og lyr.
- Grønviksfluda, kjempeflott dorgeplass og alltid fisk, lyr/makrell og fint med teine nedi steinbotnen.
- Koparboden Landfeste for garn og en flott teineplass, både på sør og nord sida.

- Sandvika og sandvikshola, her e fjorden full av garn under torskefiske mars/april og godt med fisk, men ser ut til at sesongen blir kortere og kortere.
- Kjellsvikja innom kirka i Gursken, er en kjent plass for kveite fiskeri.
- Kyrkjemedra, her frå ser en alle dei 3 kirkene som engang var i Sande, fint både med garn og line på begge sider av skrenten her. Har får du alt, inkludert pigghå.
- Gjøneset, godt med ferdatorsk som kjem langs land her, fint med garn. men værhardt stort sett heile året. Fint med makrell sommaren.
- Seihølet eller Mariusbuda, lykta på moloen overett med Mariusbuda og flesla(bøygdestonga) overett med Svinøya. Stor sei og godt av den om du treff.
- Vågesanden på vestsida av Sandsøya, her er grundt, med fin garnplass for torsk. Torsken er heilt drivande kvit og kjempesfin fisk. Mest på vinteren.

Styret i Søre Sunnmøre Fiskarlag

Stig-Arne Sævik
Leiar

Torbjørn Hide
Sekretær